



**26. mars kjem helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen til Uskedalen og ho vil besøka Kvinnherad Vekstbedrift som tidlegare heitte AFA. Det opplysar ordførar Synnøve Solbakken til uskedalen.no På programmet til ministeren står også orientering om Kvinnherad Frivilligsentral og denne vil også bli gjeve i KV. Det står tilsaman halvannen time til disposisjon for statsrådbesøket i Kvinnherad**

Ordføraren minnar om av Kvinnherad Vekstbedrift like før jul vart sertifisert i kvalitetssikringssystemet European Quality in Social Services. Det omfattar foretak som leverer tenester til menneske i skular, barnehagar og sjukheimar.

Av Ola Matti Mathisen